



Heime att i Uskedalen etter ei eventyrlig ferd

- Det har vore ein fantastisk og problemfri opplevingstur, oppsummerar Kjellaug Myklebust (64) etter at ho og mannen Eilif (66) har avvikla 888 mil i bubil gjennom Europa. Den gjekk gjennom Noreg, Sverige, Danmark, Tyskland, Luxembourg, Frankrike, Andorra, Spania og Portugal og paret kan ikkje anna enn å oppmoda andre til å gjera det same.

- Vi har ikkje opplevd noko negativt og dei tekniske innretningane, som GPS, fungerte perfekt, fortel paret. Den tysk/italienske bilen som dei kjøpte for 5 år sidan, innfridde forventningane fullt ut. - Vi fann ut at den var for lite brukt og dessutan var vi no pensjonistar som hadde tid til å reise, seier Kjellaug og Eilif. Tidlegare hadde bubilen berre vore til Sverige.

Høgdepunktet under turen er dei 2 sams om - det var Moseldalen!



[Dette var heimen deira i 6 veker](#)

Her er den fascinerande reiseruta i stikkordform:

Stavanger, Hirtshals, Hamburg, Moseldalen, Lyon, Perpignan, Andorra, Barcelona, Alicante, Fortuna, Estepona, Gibraltar, Sevilla, Algarvekysten, Salamanca, San Sebastian, Bordeaux, Luxembourg, Moseldalen, Kielferja. Gøteborg, Moss.

I Alicante møtte Kjellaug og Eilif svigerforeldra til dottera Gina

som er Tordis og Torbjørn Berge Soldal. Dei oppheld seg i Spania ein stor del av året og var med vidare då turen gjekk vestover.

- Det var dei som var den eigentlege grunn til at vi reiste, seier Kjellaug. Uskedalsparet var campingturistar i 10 dagar i Spania.

Vitjinga i ministaten Andorra var spesiell mellom anna på grunn av strenge spritrestriksjonar. Ein fekk ikkje kjøpt meir enn 2 liter pr. person. Den andre småstaten dei var innom, Luxembourg, vil dei hugsa spesielt på grunn av billeg diesel.

Motorvegane i Spania og Frankrike imponerte sjåføren meir enn motorvegane i Tyskland, som er under opprusting. Å komma til rett stad var ikkje noko problem - GPS løyste alle utfordringar med omsyn til navigasjon i dei 6 vekene dei var undervegs. Og kva maten angikk, hadde dei den med seg! Bompengane var det liten grunn til å klaga over.

- Kva er målet for neste bubilutferd?
- Det er truleg Sverige, lyder svaret.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen